Hjartdal kommune

Planprogram for kommunedelplan for naturmangfald



Vedteken dato

Status:

Datert:


Varsling om oppstart:

Høyringsfrist:

Stadfesta av kommunestyret:

Sak: 2022/152

Kommune: Hjartdal



Innhold

1. Innleiing ... 3
1.1 Føremålet med planarbeidet ... 3
1.2 Plantype ... 3
1.3 Planområdet ... 3
1.4 Krav om planprogram ... 4
2. Føringar og retningsliner ... 4
2.1 Nasjonale føringar og retningsliner ... 4
2.1.1 Natur for livet (Meld. St. 14 (2015-2016)) ... 4
2.1.2 Nasjonale miljømål ... 4
2.1.3 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 ... 4
2.2 Regionale føringar og retningsliner ... 4
2.2.1 Regional vannforvaltningsplan for Vestfold og Telemark vannregion 2022-2027 ... 4
2.3 Kommunale føringar og vedtak ... 5
2.3.1 Kommunal planstrategi 2020-2023 ... 5
2.3.2 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2017-2027 ... 5
2.3.3 Kommuneplanen sin arealdel 2013-2023 ... 5
2.4 Sentralt lovverk ... 5
3 Målsetningar for planarbeidet ... 5
4 Skildring av planprosessen ... 6
4.1 Framdrift ... 6
4.2 Sentrale temaer og problemstillingar ... 6
4.2 Medverknad ... 7

1. Innleiing

Naturmangfald er summen av mangfaldet i naturen. Det vil seie forskjellane innafor ein art, mellom alle artane og mellom økosystema dei lever i. Naturen er sjølve grunnlaget for menneskeleg eksistens. Naturen har eigenverdi, men sikrar oss òg tilgang til økosystemtenester. Desse tenestene, som drikkevatn, fisk og pollinering av matplanter krev intakte økosystem. Ein artsrik skog er betre til å halde på jorda, reinse luft, jord og vatn, og beskytte oss mot ekstremvèr som vind og ras. I tillegg er naturen viktig i eit folkehelseperspektiv. Den har stor verdi som opplevings- og rekreasjonskjelde. Berekraftig bruk og forvaltning av naturen er avgjerande for å stoppe tapet av naturmangfaldet. Miljødirektoratet oppmodar kommunar til å lage kommunedelplanar som synleggjer lokalt naturmangfald, og starta i 2016 eit prosjekt som følgje av stortingsmelding Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold (St. meld. 14 (2015-2016)), der det blant anna står følgjande:

«Regjeringen ønsker å legge til rette for at kommunene kan øke sin kompetanse om naturmangfold. Regjeringen foreslår at dette skal skje gjennom et godt kunnskapsgrunnlag og økt veiledning, og gjennom et pilotprosjekt om kommunedelplaner for naturmangfold. I dette pilotprosjektet vil det bli lagt vekt på de verdiene som naturmangfoldet representerer i nasjonal, regional og lokal sammenheng.»

Hjartdal kommune er ein av fleire kommunar som fekk tildelt tilskot frå Miljødirektoratet i 2022 til utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald. Målet med ordninga er å styrke naturforvaltninga i kommunane og bidra til større medvit rundt eigne naturverdiar.

1.1 Føremålet med planarbeidet

Utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald er peika på som eit viktig verkemiddel for å synleggjere naturmangfaldet i kommunen sitt eige planarbeid. Hovudføremålet til Hjartdal kommune med ein kommunedelplan for naturmangfald er å ivareta viktige og verdifulle naturområde, naturtypar og artar i kommunen gjennom auka kunnskap og ei heilskapleg framstilling av desse. Dette vil gjere oss tryggare på vurderingane i sakshandsaming og arealplanlegging. Fordi den største trusselen mot naturmangfaldet i verden er nedbygging av areal er det heilt avgjerande at kommunane har ei oversikt over naturtypar, artar og deira leveområde lokalt for å sikre at nye utbyggingar ikkje øydelegg viktige naturverdiar. Kommunestyret i Hjartdal peika på i sitt møte i desember 2021 at artsmangfaldet har betydning for kommunen si viktigaste næring landbruket.

Gjennom arbeidet med planen er det eit mål for kommunen at kunnskapen om naturmangfaldet vert meir systematisert og at fleire får kjennskap til kva for verdiar som finst. Det er eit delmål å utløyse engasjement og oppfordre til medverknad og eigarskap til planen, og at me i løpet av prosjektet får auka kompetanse både internt og eksternt om naturmangfaldet i kommunen. Forhåpentlegvis vil arbeidet setje endå meir fokus på naturen i Hjartdal kommune og gje næringslivet, offentleg forvaltning, grunneigarar og andre ein styrka offensiv til å ta vare på naturverdiane som finst her. Ein plan for å ta vare på naturmangfaldet vil gje eit betre vern av dei sårbare areala og vere eit verktøy for å sikre ei berekraftig utvikling av samfunnet og kommunen.

1.2 Plantype

Tematisk kommunedelplan.

1.3 Planområdet

Planen omfattar heile Hjartdal kommune og vil ta utgangspunkt i eksisterande kunnskap.

1.4 Krav om planprogram

Forskrift om konsekvensutgreiingar fastsett at planar som etter forskriftas §§ 6-8 kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn skal konsekvensutgreiast i tråd med forskrifta. Forskriftas § 6 a) slår fast at kommunedelplanar er planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding.

Eit høyringsutkast til planprogram skal leggjast ut til offentleg ettersyn samstundes med at oppstart av planarbeidet kunngjerast. Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet og kva for problemstillingar som vert vurdera som viktige for miljø og samfunn. Det skal utarbeidast eit kart som syner kva for område planen skal gjelde for, og det skal gjerast greie for kva for tema som skal utgreiast. Det skal òg kome fram korleis det vidare arbeidet er tenkt gjennomført, med blant anna framdrift og moglegheiter for medverknad. Basert på planprogrammet utarbeidast det eit forslag til kommunedelplan for naturmangfald.

Då dette er ein tematisk kommunedelplan gjerast det merksam på at planen (inkludert kartet) ikkje vil verte juridisk bindande.

2. Føringar og retningsliner

Det er ei rekkje planar, avtaler og lover som er styrande og/eller retningsgjevande for arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald. Under følgjer ei ikkje uttømmande liste over nokre av dei mest sentrale.

2.1 Nasjonale føringar og retningsliner

2.1.1 Natur for livet (Meld. St. 14 (2015-2016))

Meldinga skildrar korleis regjeringa sin politikk skal bidra til å nå nasjonale og internasjonale mål for naturmangfaldet.

2.1.2 Nasjonale miljømål

Noreg har 24 mål for miljøet som er fordelt på områda naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, forureining, klima og polarområda. Dei nasjonale måla for naturmangfald er:

- Økosystem skal ha god tilstand og levere økosystemtenester.
- Ingen artar eller naturtypar skal utryddast, og utvikling for trua og nær trua artar og naturtypar skal forbetrast.
- Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar.

2.1.3 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging skal liggje til grunn for kommunen si verksemd og økonomiplan. Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og forsvarleg ressursforvaltning, er ein av dei fire hovudutfordringane som regionale og lokale mynde skal handtere.

2.2 Regionale føringar og retningsliner

2.2.1 Regional vannforvaltningsplan for Vestfold og Telemark vannregion 2022-2027

Planen skildrar kva som er miljømåla for åra 2022-2027, og kva for tiltak som vert foreslege for å verne, forbetre og restaurere vassmiljøet slik at måla vert nådd.

2.3 Kommunale føringar og vedtak

2.3.1 Kommunal planstrategi 2020-2023

Planstrategien er eit verktøy for prioritering av kommunen sitt planarbeid.

2.3.2 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2017-2027

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt overordna styringsdokument. Her fastsettast dei langsiktige måla og strategiane for kommunen.

2.3.3 Kommuneplanen sin arealdel 2013-2023

Kommuneplanen sin arealdel er den overordna arealplanen som styrar kva det er lov til å byggje i kommunen og kva det er lov til å byggje kor. Det er planlagt ei rullering av kommuneplanen sin arealdel i 2023. Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er ein tidkrevjande prosess så endeleg vedtak ligg noko fram i tid. Kommunedelplan for naturmangfald vil gje viktige innspel til arealplanen.

Den 15.12.2021 vedtok eit einstemmig Hjartdal kommunestyre at det skulle søkjast midlar i 2022 til utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald.

2.4 Sentralt lovverk

Naturmangfoldloven er det viktigaste lovverket me har for å ta vare på naturmangfaldet i Noreg. Lova gjeld for alle sektorar som forvaltar naturmangfald eller tek avgjersler som har konsekvensar for naturmangfaldet. Det mest sentrale lovverket for å styre arealbruken i kommunen er plan- og bygningsloven. Lova skal sikre ei samordning og avveging av samfunnsinteresser. Kommunen må ivareta nasjonale, regionale og lokale miljøinteresser i arealplanlegginga. I arealplanen skal kommunen leggje premissar for å ta omsyn til klima, natur- og friluftsområde og miljøkvalitetar.

Det er fleire relevante lovar og forskrifter i tillegg til dei nemnd ovanfor. Nokre eksemplar er: vannressursloven (jf. § 11), viltloven, laks- og innlandsfiskeloven, lov om skogbruk m.m.

3 Målsetningar for planarbeidet

Planen skal ta utgangspunkt i kommunen sin eigen situasjon. Kommunen må difor sjølv vurdere kva som er prioriterte mål, oppgåver og ambisjonsnivå for planarbeidet.

Hovudføremålet med kommunedelplan for naturmangfald er å skaffe ei systematisk og heilskapleg oversikt over verdifulle naturområde og artar i Hjartdal kommune. Planen skal vere eit retningsgjevande styringsverktøy for kommunen og gje eit betre grunnlag for avgjersler når ulike interesser vegast mot kvarandre, forenkle sakshandsaminga og skape meir føreseielegheit. Den skal gje auka kunnskap og kompetanse om naturmangfaldet i kommunen, både internt (administrasjon og politikarane) og eksternt (utbyggjarar og innbyggjarar).

Forventa effekt inkluderer blant anna betre forutsetningar for å utøve arealforvaltning i samsvar med naturmangfaldlova sine krav til offentleg avgjersler; auka føreseielegheit og effektivitet i planprosessar; førebygging og forhindring av konflikt og motsegn i påfølgjande planarbeid; betre lokal forankring for avvegingar mellom bruk og vern; best mogleg kunnskapsgrunnlag for framtidige rulleringar av kommuneplanen.

Kort sagt skal kommunedelplan for naturmangfald svare på følgjande:

- Kva har vi kartlagt av naturmangfald i kommunen?
- Kva trong for kartlegging har kommunen?

- Kva for område og artar er særskilt viktig å ta vare på?
- Korleis skal vi sikre ivaretaking av naturmangfaldet framover?

Planen vil innehalde ein tematisk del og ein handlingsdel. Den tematiske delen vil samle den eksisterande kunnskapen om naturmangfaldet i kommunen i ei heilskapleg oversikt. Den samla oversikten vil òg kunne synleggjere kunnskapshol og kor det bør arbeidast for å innhente meir kunnskap. Temadelen vil ta for seg føringar, lovverk, status og utfordringar for naturmangfaldet som kommunen har. Handlingsdelen vil skildre tiltak for dei viktigaste satsingsområda og utfordringane for naturmangfaldet i kommunen. Handlingsdelen skal reviderast oftare enn temadelen.

4 Skildring av planprosessen

Planen utarbeidast som ein kommunedelplan og skal følgje krava i plan- og bygningsloven. Formannskap og kommunestyre har det formelle ansvaret for kommundelplanen i Hjartdal kommune. Vedtak om oppstart, godkjenning av planprogram og endeleg vedtak om godkjenning vert gjort politisk. Det vert lagt opp til at Utval for plan og utvikling er styringsgruppe, samt ei intern arbeidsgruppe med representantar frå plan og landbruk.

Varsel om oppstart av arbeidet med kommunedelplanen for naturmangfald gjerast samstundes med at planprogrammet leggjast ut til offentleg ettersyn. Melding om oppstart av planarbeid og planprogrammet gjerast tilgjengeleg gjennom kommunen si heimeside og i avis.

4.1 Framdrift

Framdriftsplan er skissert i tabell 1. Som eit resultat av at kommunen har fått tildelt midlar frå Miljødirektoratet for utarbeiding av planen må kommunen følgje Miljødirektoratet sine krav til ferdigstilling av planen innan utgangen av 2023.

Tabell 1. Framdriftsplan for kommunedelplan for naturmangfald i Hjartdal kommune.

Trinn for handsaming	**Når**
Oppstart av planarbeid er varsla og forslag til planprogram er sendt på høyring	September 2022
Planprogram er fastsett	Desember 2022
Medverknad	Vår 2023
Kartleggingsfase	Feltsesong 2023
Planforslag til 1. gongshandsaming	September 2023
Planforslag til offentleg ettersyn	6 veker haust 2023
Handsaming av innkomne merknadar/innspel	November 2023
Handsaming og kunngjering av vedtak	Desember 2023

4.2 Sentrale tema og problemstillingar

Hjartdal kommune har store areal som ikkje er kartlagt for potensielt viktig naturmangfald og kan trenge eit betre kunnskapsgrunnlag for å unngå ytterlegare tap av verdifullt naturmangfald. Stort utbyggingspress særleg i tilknyting til hytteområde som ofte ligg i urørd natur gjer det viktig med ein kommunedelplan som synleggjer naturmangfaldet.

Landbruket er ei viktig næring i Hjartdal kommune og eit aktivt landbruk med levande garder kan bidra til å styrke naturmangfaldet ved at areala vert halde i hevd og ikkje gror att. Samstundes kan ei

effektivisering og intensivera drift bidra til endringar i landskap og driftsformer som svekker arts- og naturmangfaldet. Det er difor viktig med eit godt kunnskapsgrunnlag om korleis landbruket påverkar naturmangfaldet i Hjartdal.

Det er viktig å få kartlagt større samanhengande område for å kunne ivareta viktige økologiske funksjonar framfor at små enkeltområde vert kartlagt ved ynskje om utbygging. På den måten kan kommunen styre ynskje om utvikling og omdisponering av areal vekk frå dei mest verdifulle områda i kommunen. Ved kartlegging og verdivurdering av større områder vert det òg lettare å sjå og ta vare på dei økologiske samanhengane i kommunen.

4.2 Medverknad

Ved å sende planprogrammet på høyring og kunngjere planoppstart, gjev me moglegheit til å kome med innspel til kva planen bør innehalde, samt korleis ein ynskjer å medverke til planen. Medverknad frå både enkeltpersonar og lag/foreiningar vert viktig, ikkje minst når det gjeld å innhente verdifull lokalkunnskap. Det er satt av godt med tid til denne delen av prosessen.

- Interne arbeidsmøte
- Eksterne ressurspersonar/organisasjonar/lag og enkeltpersonar med god kunnskap om det lokale naturmangfaldet – temamøter.
- Grunneigarmøte.
- Invitere til medverknad per post eller e-post undervegs i prosessen, utanom møter.